



Dei får ein sjanse til: Tore Sergei Myklebust og Helle Grankel på TV-skjermen laurdag kveld.

**Mange var bange for at Grand Prix-eventyret for Blue Moon Band og uskedelingen Tore Sergei Myklebust skulle ta slutt allereie under den første delfinalen som NRK sendte frå Alta laurdag kveld. Men slik vart det heldigvis ikkje.**

Rett nok gjekk ikkje bandet direkte til finalen med "Goodbye to yesterday", men det får ein sjanse til – den 9. februar. Då skal seks deltakarar tevla om dei to siste av dei åtte finalistplassane. Stian Joneid er den andre frå Alta-showet som får ein sjanse til.

Det var dei to beste og mest fengjande melodiane og som samstundes vart presentert av dei beste artistane som gjekk til topps i Alta.

En kan utan tvil kalla det ein favorittsiger. Og det er grunn til å minna om at allereie då han såg deltakarlista uttala Tore Sergei Myklebust at Torhild Sivertsen & The Funky Family og Infinity var sterke kandidatlar til å gå direkte til finalen i Oslo Spektrum 10. februar.

Det var garva veteranar som gjekk til topps. Programleiar Synnøve Svabø kalla med rette Torhild Sivertsen for "Norges souldronning". Infinity var, som den andre programleiar Stian Barsnes Simonsen uttrykte det, enormt store på 1990-talet. Med andre ord står ein framfor eit dobbeltcomeback med sus over.

Om nokon av dei to gruppene er gode nok til å gå heilt til topps i Oslo Spektrum er det umulig å ha nokon meining om så tidleg i leiken. Men det må seiast at kvaliteten på dei to toppplåtane slett ikkje ligg etter den vi er vande med frå Grand Prix..

Kva skal ein så meina om songen "Goodbye to yesterday"? Tore Sergei Myklebust sa under showet at den ikkje er nokon typisk Grand Prix-låt, men at den har store moglegheiter i den internasjonale finalen. Det trur vi knapt, trass i alt er den nok for tradisjonell. Det har vore ein tendens mange gonger at det helst er noko som er annleis som når til topps – det såg ein ikkje minst i fjor!

Framføringa i Alta bar bod om at både Tore Sergei og Helle er røynde artistar som har sunge saman mange gonger før.

Den neste delfinalen går i Bodø neste laurdag og den tredje og siste blir sendt frå Stokke i Vestfold 3. februar. NRK skal rosast for at dei nyttar MGP som ein form for distriktsutbyggingstiltak. Alta fekk verkeleg vist seg fram frå ei positiv side i samband med delfinalen – dette var marknadsføring av beste klasse! Men sjølve showet, glatt og glamorøst som det var, kunne for så vidt ha vore sendt kvar som helst frå. Kvifor ikkje satsa enda meir på ein lokal profil?

Av Ola Matti Mathisen